



REFERAT frå STYREMØTE måndag 07.02.2011 kl. 19.00 på Solhaug.

TLF:	Navn:	Styre-verv:	e-postadr:	Innkalla:	Møtt:
90662193	Kjell B. Melbybråten	Formann	kje.ber@online.no	x	-
90925868	Gunnar Ulstølen	Nestformann		x	x
91314393	Elin Hovi	Regnskapsansvarleg	elhovi@online.no	x	x
94001659	Tove Stubbene	Regnskapsassistent	tove.stubbene@tunmedia.no	x	-
97131913	Geir Melbye	Skrivar	gemelb2@online.no	x	x
47644609	Karianne S. Hamre	Tiltakssjef	asbhamre@frisurf.no	x	x
90663490	Per Ivar Grobakken	Varamedlem	pgrobakk@online.no	x	-
90898324	Wenche Melbybråten	Varamedlem	wencmelb@online.no	x	-
GRUPPELEIARA:					
90662193	Kjell B. Melbybråten	Ski	kje.ber@online.no	x	-
95735695	Svein Høgsnes	Fotball	anikle@online.no	x	x
95485731	Siri Melbybråten	Håndball	siri.melbybraten@gmail.com	x	x
91301160	Kenneth Hoffmann	Friidrett	kenhoffm@gmail.com	x	x

Faste saker: 1. Ref. styremøte. 2. Leiar orienterer/mottatt post 3. Gruppeinfo

Andre saker: 4. Årsmøte -forbereding 5. Innsatspokalen –bestemme kandidat 6. Rogningen -utkjøring
7. Annet

1. Ref. ok.
2. Søkt ØSSB om gåve, jfr. annonse.
3. Friidrett v/Kenneth: Rolig periode no, men oppstart trening i mai.
Fotball v/Svein: Bst cup vel i havn med 46 lag. Årsmøte 14.02.11, valkomiteen manglar 2 personar. Over 300 aktive i gruppa i sesongen som var.
Ynskjer at trykking og utkjøring av Rogningen bør skje etter årsmøtet i gruppa, for å få med godkjent Årsmelding og revidert rekneskap og budsjett.
Tiltak v/Karianne: Badinga har bra besøk.
Handball v/Siri: Ny serie i gang med fleire lag og kampa. Prøve å delta på turneringa utanfor Valdres. Har no 4 dommarar, kjempebra!! Planer om å sende nokon på dommarkurs, noko klubben støttar ! Godtgjersle til trenar og dommarar som før.
4. Må sjekke at huset er ledig, bestille kringle el.l. av Line, blomster til aktuelle personar, få tak i Innsatspokalen samt kjøpe inn minipokal. Dei som kan av styret, møter ½ time før (kl. 19.00) på årsmøte.
5. Desse forslaga var kome på kandidatar til Innsatspokalen for 2010:
-Wenche og Reidun (Grobakken) : håndball aktive og trenara i mange år
-Siri Sandsengen, ski/håndball/dommar/mm: -satsar seriøst på langrenn bla. 2. pl på Ungdomsbirken, kandidat til Terra skitalent.
-Harald Øygard, ski: -KM medaljer langrenn, 12. pl landsstatistikk 5 km, sterke plasseringa i skiskyting
-Per Ivar Grobakken, løypekjøring, ”vaktmester”: -stor innsats langt utover ”normalt” vedr. tilrettelegging for skiløyper og akebakkar, ansvarleg for stell av grasbanen(saman med Ole Kristian), matstasjonansvarleg Mellerunda med meir i over 10 år.
Alle er sær gode kandidatar, og alle vil forhåpentlegvis vise seg fram med gode resultat og god innsats også i åra som kjem. Det vart diskutert og vurdert, før valget vart avgjort ved skriftleg avstemming, samt SMS frå dei fleste av dei som ikkje var på møtet. Resultat av valget ser du fyrst ved å møte på Årsmøtet ☺
6. Rogningen var opptrykt og fordelt i 7 bunkar, klare til utkjøring. Det vart litt ekstrajobb med å legge inn korrigerert versjon av rekneskaps-resultatsida, men mange henda løyste detta raskt ! Takk ! I løpet av kvelden/neste kveld vart 725 lagsaviser og medlemsgiroar fordelt i alle postkasser i Rogne krets, inkl. Tingvangfeltet, Moane og Volbu. Håper at både ”leverandør” synes dette er in grei jobb, og at mottakar set pris på klubbavisa vår.
7. -Kontingent: Til Årsmøtet har vi ei tillegssak, og det er forslag på auke av medlemskontingenten. Prisane på kontingentane har vore uendra sidan 2001, og etter noko drøfting vart det einigheit om slikt forslag:
Familie: frå 500,- til 600,-, vaksen(20+) frå 300,- til 400,-, barn(0-19) uendra på 200,-, støtte frå 50,- til 100,-.
-Rekneskapsansvarleg Elin, kom med sterk oppmoding etter div. kommentara frå revisjon, om at styret må sørge for at alle som handterer bilag, fakturaer ol, får informasjon/opplæring i rett dokumentasjon. Det er altfor mykje ufullstendige bilag som kjem til rekneskapsfolka, og bilag/fakturaer som kjem for seint og påfører renteutg. Oppdatere adresselister. Bilag må ovf ansvarleg på styremøta, og førast etter då, for å halde seg tilfredsstillande à jour, og fange opp avvik.
-Scooter kjøp/salg: Per Ivar og Tormod meiner at om vi skal få att brukbart for eldste scooteren vår, bør vi leggja denne ut for salg. Samt innhente tilbod på ny/nyare scooter. Eldste scooteren nærmar seg ein km-stand som tilseier moglege kostnadnar, og det kan vera lurt å ”leggje” desse inn i ein nyare. Styret bestemte at Per Ivar får mynde til å leggje fram forslag/tilbod til Årsmøtet.
-Kommentar frå fotballgruppa vedr. for tidleg utkjøring av Rogningen: Vi kan/bør utsetja dette til etter Årsmøtet i fotballgruppa, under forutsetjing av at dette blir avvikla seinast i fyrste halvdel av februar. Og at styret kjører ut medlemsgiroane fyrst i januar.

Ref. v/skrivar